



Cowi AS Avd Bergen
Postboks 2422
5824 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3044 - 18/22509

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
10.07.2018

Ferdigattest for arbeid med oppgradering av ventilasjonsanlegg , brannalarm m.m - gbnr 188/411 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 363/18

Tiltakshavar: BKK AS
Ansvarleg søkjar: Cowi AS Avd Bergen
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.11.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.06.2018.

Skildring

Adresse:	Kvassnesvegen 56
Bygningstiltak:	Ventilasjonsanlegg, brannalarm og nødllys
Bygningsnummer:	

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for ventilasjonsanlegg, brannalarm og nødllys med tilhøyrande arbeid på gbnr 188/411.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3044

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

BKK AS	Kokstadvegen 37	5257	KOKSTAD
Cowi AS Avd Bergen	Postboks 2422	5824	BERGEN

Mottakarar:

Cowi AS Avd Bergen	Postboks 2422	5824	BERGEN
--------------------	---------------	------	--------